



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Egil Hauge, 5557 2350
Hege Brekke Hellesøe (KSA), 5557 2352
Magnus Johan Steinsvåg (MVKA), 5557 2325

Vår dato
03.09.2015
Dykkar dato
15.06.2015

Vår referanse
2014/11308 421.3
Dykkar referanse

Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 Austrheim

Offentleg ettersyn - Austrheim og Lindås - Bergsvikhamn til Mongstad - detaljreguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørledning / oljerørtrase - planID 2014002

Saka gjeld melding om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørledning frå Bergsvikhamn til Mongstad i Austrheim kommune og Lindås kommune. Saka hadde høyringsfrist 19.06.2015, seinare er det gitt utsett svarfrist på grunn av pågåande dialog om saka til 4.9.2015, jf. e-post av 1.9.2015.

Planen sitt innhald

Planforslaget legg til rette for etablering av oljerørledning frå Bergsvikhamn i Austrheim kommune til Mongstad i Lindås kommune. Del av oljerørledningen som inngår i planforslaget er om lag 10,5 km lang. Oljerøret vert lagt i grøft frå Bergsvikhamn til Førland/Solvang, der den vil gå i tunnel fram til kryss mellom Keilevegen og Fv57 Mongstadvegen. Etter eit kort strekk i grøft vil oljerørledningen gå i ein kortare tunnel gjennom Litleåsen mot Mongstad og vidare i grøft inn på Mongstadanlegget.

Vurdering

Vi har no vurdert planframlegget og har følgjande merknader:

Naturmangfald

Da konsekvensutgreiinga var på høyring gav Fylkesmannen, i brev av 22.12.2014 (vår referanse: 2014/2391), fråsegn. Det blei mellom anna peika på at det ved Keilsundet ligg ein sannsynleg hekkeplass for hubro (*Bubo bubo*), og at det er ein mangel at det ikkje er undersøkt nærare. Fylkesmannen registrerer at dette innspelet ikkje er fylgt opp. Hubroen er nasjonalt raudlista som sterkt trua og er særleg sårbar for inngrep i nærleiken til reirplassane. Vi kan ikkje utelukke at inngrep og varige arealendringar her kan føre til at ein mogleg hekkeplass for arten går tapt.

Tiltaksområdet ved Keilsundet er derimot redusert i forhold til konsekvensutgreiinga. Dette finn vi positivt. Det aktuelle området ligg no utanfor sjølve planområdet, men det er framleis uvisse knytt til korleis tiltaket vil påverke hubroen. Gitt den sterke nasjonale interessa i saka og det faktum at kunnskapsgrunnlaget som ligg føre i saka ikkje er godt nok, bør området utbygginga kan ha verknad i undersøkast av fagfolk, slik at det kan bli klart om tiltaket vil påverke hubroen negativt og om det er naudsynt med tiltak. Vi viser her til dei lovgjevne krava som går fram av naturmangfaldlova (NML) §§ 7, 8 og 9.

Kommunedialog

Fylkesmannen har teke saka opp med Austrheim kommune, som mest truleg har hovudansvaret for å ta vare på ein eventuell hekkeplass i nærleiken av planområdet. Av omsyn til tidspress i saka, har ikkje kommunen sett det som mogeleg å diskutere planen i eit dialogmøte. Kommunen har i staden, etter ein nærare dialog med Fylkesmannen og planleggjar, føreslege å imøtekomme kravet om å betre kunnskapsgrunnlaget og sikre mot varig skade på naturkvalitetane ved at:

- Det vert for området L26 lagt inn ei sone på plankartet for særleg omsyn H560 – Bevaring av naturmiljø, (PBL 12-6 jf. 11-8 a-d) og 12-7 nr. 2 og 12. Omsynssona vert da kombinert med område for midlertidig rigg- og anleggsområde.
- Det vert knytt til følgjande føresegn (§7.3.2.): *Området er omsynssone for mogleg hekkeområde for hubro. Det kan innanfor omsynssone H560 ikkje gjennomførast inngrep jf. §8 før forholdet til eventuell hubrolokalitet er kartlagt. Kartlegging, eventuelle konsekvensar og avbøtande tiltak innanfor sona, skal vere vurdert av fagkyndige. Det skal ikkje gjerast tiltak eller inngrep innanfor sona som medfører øydelegging eller forringing av hekkeområde for hubro.»*

Fylkesmannen finn å kunne akseptere forslaget til løysing og vil, på vilkår av planen vert retta opp i samsvar med dette, ikkje fremje motsegn til planen.

Fylkesmannen vil elles vere tilgjengeleg for og ønskjer òg ein vidare dialog med kommunen og planleggjar / utbyggjar, for mellom anna å formidle røynslene vi sit inne med etter fleire års arbeid med kartlegging av hubroen sin habitatbruk og utforming av avbøtande tiltak for arten i fylket. De kan i så fall kontakte Fylkesmannen v/ Miljøvern og klimaavdelinga v/ Magnus Johan Steinsvåg.

Andre merknader

Det er lagt inn ei omsynssone rundt vassdraget frå Førlandsvatnet. I føresegn 7.3.1 står det at *det skal i alt arbeid sikrast at vassdraget innanfor omsynssona ikkje vert forringa eller ureina som følgje av anleggsarbeid.* Det må gjerast tiltak for å hindre avrenning til vassdraget under anleggsarbeidet. Vi viser til pågåande dialog med Klima- og miljøvern avdelinga om dette.

På generelt grunnlag minner vi om at det alltid bør gjerast ei tilstrekkeleg grundig vurdering av massebalansen i denne type prosjekt. Litt avhengig av kva som vert resultatet i område L26, rår vi til at det vert gjort ei nærare vurdering av kor mykje massar det er snakk om og korleis eit eventuelt overskot best kan handterast. Sameleis minner vi om at kommunen / kommunane som planstyresmakt alltid bør vurdere om endringar som vert gjort i planar etter offentleg ettersyn vil kunne utløyse krav om ny høyring.

Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet med planen !

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Egil Hauge
prosjektleder

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen